



Teatret Vårt

ÅRSMELDING 2005

|                            |    |
|----------------------------|----|
| Styret si årsmelding       | 2  |
| Teatersjefen oppsummerer   | 3  |
| Resultatregnskap           | 6  |
| Balanse                    | 7  |
| Notar                      | 8  |
| Statistikk                 | 10 |
| Revisjonsmelding           | 10 |
| Ambisjonar 2004-2007       | 11 |
| Repertoar                  | 12 |
| Styre og representasjon    | 14 |
| Personale ved Teatret Vårt | 15 |
| Sponsorar                  | 15 |

## STYRET SI ÅRSMEDLING

### Selskapet

AS Regionteatret i Møre og Romsdal har som formål å drive teaterverksemd i Møre og Romsdal fylke. Selskapet sitt forretningskontor er i Molde kommune.

### Arbeidsmiljø og organisasjon

Arbeidsmiljøet i 2005 har vore godt. Det er gjennomført ein oppgradering av produksjonslokala ved at snekkerverkstad og smie har flytta inn i betre tilpassa lokale. Vi har i tillegg fått samlokalisert verkstad med rekvisitt- og dekorasjonslager.

Det totale sjukefråværet i år 2005 har vore 0,47 årsverk. Det er ikkje rapportert om skadar eller andre ulykker. Teatret si verksemد ureinar ikkje det ytre miljø.

### Likestilling

Teatret har eit styre med 2 kvinnelege representantar av totalt 7 styremedlemmer, der styreleiar er ei kvinne.

### Møter

Styret hadde i 2005 seks styremøte og handsama i alt 23 saker.

### Økonomien i selskapet

Årsrekneskapen vert gjort opp med eit overskat på om lag 139.000,-. Det er sjette året på rad at regionteatret gjer opp rekneskapen med overskat. Teatret Vårt legg stor vekt på kostnadskontroll.

Styret er godt nøgd med både dei økonomiske og kunstnarlege resultata i 2005 for Teatret Vårt, og ynskjer å takke teatersjef og alle medarbeidarane for innsatsen.

Årsrekneskapen for 2005 er satt opp under føresetnad om fortsett drift.

*Elin Lein*  
styreleiar

*Jost Høgseth* *Gudri Lekwangholm* *Arild Moen*

*Ottar Brage Guttakirk* *Tu Kin Trungnif* *Svein Lønn*

*Carla And*  
teatersjef

## Innleiing

2005 var eit godt år for Teatret Vårt. Regionteatret har bak seg fleire svært gode kunstnarlege prestasjoner dette året. Publikumsoppslutnaden bør ein også kunne seie seg nøgd med. Sjølv om publikumstalet er mykje lågare enn i rekordåret 2004, var det mogleg også i 2005 å få meir enn 30.000 tilskodarar. Det kan sjå ut til at teatret på 2000-talet har stabilisert seg på eit publikumstal på over 30.000. Dette må ein seie seg særslig nøgd med. Særleg gledeleg er det at det var mogleg å oppnå så gode tal trass i at aktiviteten i samband med Den kulturelle skulesekken var monaleg lågare i 2005 enn i dei siste åra.

*Erasmus Montanus, Trollspeilet, Ansiktet på Mars og Okse og Esel* var alle produksjonar kjenneteikna av fagleg kvalitet og stor publikumsappell. Den femte hovudproduksjonen dette året, *Telemakos/Hjemmeinnredning* var eit djervt eksperiment, og trass i eit langt på veg vellukka kunstnarleg resultat og akseptable avismeldingar, heldt publikum seg unna. Teatret bestemte raskt at den planlagde turnéen med denne framsyningen ikkje kom til å bli gjennomført. Turnéverksemda i 2005 er derfor redusert i samanlikning med tidlegare år.  
Repertoaret i 2005 var sett saman av fem hovudproduksjonar, ei framsyning som heldt fram frå året før, fire mindre produksjonar, gjestespel og ulike sidearrangement under tittelen Sidescenen. Til saman gjev dette eit breitt tilbod til ulike aldersgrupper, interesser og smak.  
Hovudproduksjonane besto av to urpremierar, ein klassikar, ei noregspremiere for barn og eit nytt familieskodespel (gjenoppføring). Dette knippet av skodespel er ein fin blanding av gamalt og nytt stoff. Denne breidda er karakteristisk for repertoaret ved Teatret Vårt.

## Den kunstnarlege verksemda

*Is-slottet* av Tarjei Vesaas var eit samarbeid mellom Teatret Vårt og Det Norske Teatret i Oslo. Framsyninga hadde urpremiere på seinhausten 2004 i Molde. Vinteren og våren 2005 var framsyninga på turné i Møre og Romsdal, og ho blei spilt på Scene 2 på Det Norske Teatret i Oslo. Denne framsyninga blir ført vidare i 2006 med ein ny speleperiode i Oslo.

*Ansiktet på Mars* var eit tingingsverk av Bjørnar Teigen. Framsyninga fekk premiere i Molde 10. februar. Og vi kan registrere ein ny Teigen-suksess. Vi hadde ikkje venta eit stort billetsal, og det kom heller ikkje. Framsyninga har vore på skuleturne og på festival i Dresden i Tyskland. Turen til Dresden var ein siger. Mykje merksemad blei oss til del og mykje skryt både for stykket og for skodespelarinnssatsane.

*Telemakos/Hjemmeinnredning* blei vårens nedtur. Ikkje for det. Kritikkane var slett ikkje därlege. Ein kan oppsummere at ein kom ganske langt reint fagleg/kunstnarleg. Publikum ville ikkje sjå denne framsyninga. Både publikumstala og rekneskapstala talar eit tydeleg språk.

Publikumssvikt er farleg i eit teaterhus fordi han så lett får andre etter seg. Det spreier seg nemleg eit mismot eller ein slags depresjon i heile teatret når publikum ikkje kjem. Og tillitsforholdet til publikum får seg lett ein knekk.

Det var kanskje det siste ein såg i samband med *I en bisetning*, vår uhøgtidelege musikalske jubileumsframsyning i høve 1905-markeringa. Trass i masse overskot, mange lovord, god stemning fekk vi ikkje heilt publikum i tale med denne framsyninga heller.

Det snudde heldigvis skikkeleg med premieren på *Trollspeilet*. Her trefte vi blinken, noko oppslutnaden også tydde på. Folk ville tydelegvis oppleve dette. Dei ville av stad og dei ville kose seg i den unike atmosfæren på Romsdalsmuseet. Det er grunn til å vere stolt over denne framsyninga, ho blir spela med stort overskot, energi og glede. Systua hadde sjølv designa kostyma, og trollen hadde rekvisitt-trollkjerring Bergliot Rørvik trolla fram.



### I EN BISETNING

Siren Jørgensen, Lena Kristin Ellingsen og Håkon Moe.

Foto: Fred Jonny Hammerø.



### I EN BISETNING

Lena Kristin Ellingsen, Håkon Moe og Siren Jørgensen.

Foto: Fred Jonny Hammerø.



## HJEMMEINNREDNING

Randolf Walderhaug, Vivi Sunde, Gøril Haukebø Thorir Sæmundson og Pål Rønning.

Foto: Fred Jonny Hammerø.



## HJEMMEINNREDNING

Thorir Sæmundsson.

Foto: Fred Jonny Hammerø.

Lyd og musikk fungerte framifrå. Framsyninga blei spilt i juni og august/september. Ein turné til ulike museum og utescener blei også gjennomført. *Trollspeilet* blir ført vidare med ei ny speleperiode i juni 2006.

Teatret Vårt var medprodusent for MagicNet-framsyninga *European Odyssey –The Homecomers* som hadde premiere i Baden i Sveits 19. august 2005. Framsyninga hadde skodespelarar frå 9 land, og Siren Jørgensen representerte Teatret Vårt. 14 dramatikarar frå 12 land hadde tolka kvar sin song frå Homers *Odysseen*. Framsyninga blei vist i Tyskland, Sveits, Portugal, Spania og Nederland. Teatret oppsummerar prosjektet som delvis vellukka. Det var gledeleg at ein var i stand til å gjennomføre prosjektet med deltaking frå så mange land, og fleire av tekstane i prosjektet er gode. (Ikkje minst det norske bidraget frå Jon Fosse). Sjølve framsyninga var svakare. Ein kan seie at det paradoksalt nok blei forsøkt skapt ein einskap ut av dei heilt ulike tekstane. Dette er synd. Nettopp det at bidraga var så ulike kunne ha gjeve framsyninga noko eigenarta og også typisk for dette kulturelle europeiske samarbeidet. Det er ulikskapane snarare enn likskapane som slår ein i auge i det praktiske arbeidet. Ulikskap forstått som rikdom.

Ein kan seie at hausten stod i Holbergs teikn. Ein tenkjer her særleg på *Erasmus Montanus*, sjølv sagt, men ein arrangert lesing blei også laga av *Niels Klins underjordiske reise*, eit opplesingsprogram til musikk basert på Holbergs roman.

Skodespelar Siren Jørgensen tok avskjed med Teatret Vårt, og det blei laga ei avskjedsframsyning der ho på spøkefullt og sjølvironisk vis gjennomførte ei vandring gjennom sine teaterminne – heile tre år ved regionteatret.

*Erasmus Montanus* blei ein fest av ei framsyning. Det har presen også vore einig om, med VG som einaste unntak. IdaLou Larsen i scenekunst.no kalla framsyninga "meget vellykket". I Ingressen skriv ho: "Morsom, vittig og velspilt. Men også tankevekkende og mangebunnet."

Publikum har strøymt til framsyningane i Molde. Ensemblet var samstemt, arbeidsmoralen høg. Alle delar av huset har vore med på å skape ei framsyning teatret er særstolt av.

*Okse og Esel* fekk noregspremiere 8. desember. Med den fekk teatret ei perle av ei juleframsyning med framifrå skodespelarprestasjonar av dei to medverkande skodespelarane.

I 2005 vart det også laga eit oppsøkande program for eldreibutitasjonar. Ein valde å kalle dette programmet for *Juleglede*, og fire av teatret sine tilsette reiste omkring i regionen og spreidde nettopp glede. Dette programmet ligg til grunn for ein vidare satsing på tilbod for denne gruppa. I løpet av 2006 reknar vi med å legge fram ei systematisk satsing på nettopp eldreibutitasjonar og særleg dei som ikkje kan komme seg ut av institusjonen på grunn av sjukdom eller liknande.

Ulike gjestespel samt framsyningar i Café Tvillingene under namnet Sidescenen blei gjeve i 2005. Vidare deltok Teatret Vårt i utforminga av Ålesund Teaterfestival og Bjørnsonfestivalen.

## Anna verksemد

I 2004 gjekk EU-finansieringa av Magic-Net ut. I 2005 blei det klart at Magic-Net blir ført vidare med ei ny treårsperiode fram til 2008. Fleire av dei "gamle" Magic-Net-teatra er med vidare, men det er også kome nye til mellom anna frå nye EU-land; Polen, Slovakia, Tyrkia og Estland. Teatret Vårt kan halde fram med å vere eit av dei mest internasjonalt orienterte teatra i landet.

Teatret Vårt hadde også i 2005 eit samarbeid med Kulturskulen i Molde om å ha ansvaret for teaterfaget ved skulen. Ei skodespelarstilling er finansiert mellom dei to institusjonane. Vedkommande har arbeidsplassen både på teatret og i kulturskulen. Dette samarbeidet blir ført vidare i skuleåret 2006/2007.

Teatret Vårt har vore lokalt vertskapsteater for prosjektet Den Unge Scenen. Våren 2005 laga fire ungdomsgrupper kvar si framsyning basert på nye tekstar skrive av norske samtidsdramatikarar. Desse blei viste under eit arrangement under Ålesund Teaterfestival, og to av desse blei så plukka ut til å vere med på den nasjonale festivalen i Oslo seinare på våren. DUS blir ført vidare i 2006/2007-sesongen.

Formidlingseininga har laga pedagogiske opplegg for fleire av framsyningane i teatret. Blant anna har ein laga DVD-presentasjon av *Is-slottet* og CD med norske folkeeventyr. Vidare er nettsida ein viktig stad der interesserte kan laste ned materiale om ulike framsyningar. Dette arbeidet blir intensivert i år som kjem mellom anna ved å oppgradere nettsida slik at ulike media; bilde og lydfiler kan leggjast ut.

Teatret driv utstrekkt samarbeid med alle dei andre profesjonelle kulturinstitusjonane i Molde gjennom Molde Kulturforum. Vidare har Teatret Vårt og Operaen i Kristiansund ei ordning der ein utvekslar tekniske tenester. Samarbeidet med Trøndelag Teater hadde ei pause i 2005 på grunn av sjefsskifte, men det er semje om at det skal takast opp igjen.

Teatret Vårt samarbeider tett med Det Norske Teatret om *Is-slottet*

tet og er ikkje framand for tanken på nye samarbeidsprosjekt.


Teatret Vårt har ei eigen venneforeining med 433 medlemmar ved utgangen av 2005. Foreininga arrangerer ulike møter i løpet av sesongen, teaterturar og eigne framsyningar. Dei gjev også ut avisar *Innkikk*.

Siren Jørgensen og Borghild Rosvoll fekk utmerkinga *Fiskerjenten* av venneforeininga i 2005 for sin innsats i teatret. Jørgensen for sine roller den siste sesongen og Rosvoll for sin mangeårige innsats i ulike posisjonar i teatret sin administrasjon.

## Byggeplanar


Hausten 2005 støtta styret teatersjefen sitt framlegg om å starte eit arbeid med tanke på å reise eit nytt teaterbygg i Molde. Initiativ blei teke i forhold til Molde International Jazz Festival. I eit møte i desember mellom Moldejazz, Teatret Vårt, Molde kommune og Møre og Romsdal fylke blei det sett ned ei arbeidsgruppe som skulle sjå på finansiering, ulike tomtealternativ, førebu mogleg arkitektkonkurranse og forprosjekt. Teatret gjorde hausten 2005 greie for desse tankane i møte i Kultur- og kyrkjedepartementet.

Carl Morten Amundsen  
teatersjef



## TELEMAKOS

Thorir Sæmundsson og Pål Rønning.  
Foto: Fred Jonny Hammerø.




## TELEMAKOS

Gøril Haukebø, Pål Rønning, Randolph Walderhaug og Thorir Sæmundsson(bak).  
Foto: Fred Jonny Hammerø.



## ANSIKTET PÅ MARS

Valborg Frøysnes og Svein Solenes.  
Foto: Fred Jonny Hammerø.



## ANSIKTET PÅ MARS

Valborg Frøysnes og Svein Solenes.  
Foto: Fred Jonny Hammerø.

## RESULTATREKNESKAP

|                                       | NOTE    | 2005<br>Rekneskap | 2005<br>Budsjett  | 2004<br>Rekneskap |
|---------------------------------------|---------|-------------------|-------------------|-------------------|
| <b>I Driftsinntekter</b>              |         |                   |                   |                   |
| Billett- og programsal                | 2       | 2 039 776         | 2 110 000         | 5 403 558         |
| Andre inntekter                       |         | 904 675           | 536 900           | 1 295 552         |
| Driftstilskott                        |         | 17 978 100        | 17 978 100        | 17 638 750        |
| <b>Sum driftsinntekter</b>            |         | <b>20 922 551</b> | <b>20 625 000</b> | <b>24 337 860</b> |
| <b>II Driftskostnader</b>             |         | 1                 |                   |                   |
| Kostnader arbeidskraft                | 3, 4, 5 | 13 934 097        | 14 054 000        | 15 224 838        |
| Materialkostnader                     |         | 482 651           | 476 000           | 723 445           |
| Sal- og informasjonskostnader         |         | 923 323           | 741 000           | 945 205           |
| Andre driftskostnader                 |         | 2 796 041         | 2 656 000         | 4 932 624         |
| Kostnader lokale                      |         | 2 000 665         | 2 123 000         | 2 057 339         |
| Utstyrskostnader                      |         | 134 823           | 61 000            | 73 642            |
| Avskrivningar                         | 6       | 521 727           | 520 000           | 410 000           |
| <b>Sum driftskostnader</b>            |         | <b>20 793 326</b> | <b>20 631 000</b> | <b>24 367 093</b> |
| <b>III Driftsresultat</b>             |         | 129 225           | -6 000            | -29 233           |
| <b>IV Finansielle postar</b>          |         |                   |                   |                   |
| Finansinntekter                       |         | 33 156            | 30 000            | 53 687            |
| Finanskostnader                       |         | 23 220            | 24 000            | 21 496            |
| <b>Resultat av finansielle postar</b> |         | <b>9 936</b>      | <b>6 000</b>      | <b>32 191</b>     |
| <b>V Resultat før EOP</b>             |         | 139 161           | 0                 | 2 958             |
| <b>VI Ekstraordinære postar</b>       |         |                   |                   |                   |
| Ekstraordinære inntekter              |         |                   |                   |                   |
| Ekstraordinære kostnader              |         |                   |                   |                   |
| <b>Resultat av ekstraord. postar</b>  |         | <b>0</b>          | <b>0</b>          | <b>0</b>          |
| <b>VII Årsresultat</b>                |         | 139 161           | 0                 | 2 958             |
| <b>Avsatt til anna eigenkapital</b>   |         | <b>139 161</b>    |                   | <b>2 958</b>      |


## BALANSE pr. 31.12.

|   | NOTE | 2005             | 2004             | 2003             |
|---|------|------------------|------------------|------------------|
| <b>Anleggsmidlar</b>                    |      |                  |                  |                  |
| Varige driftsmidlar                     | 6    | 2 645 180        | 2 893 972        | 1 889 667        |
| Finansielle anleggsmidlar               | 9    | 144 852          | 110 324          | 85 777           |
| <b>Sum anleggsmidlar</b>                |      | <b>2 790 032</b> | <b>3 004 296</b> | <b>1 975 444</b> |
| <b>Omløpsmidlar</b>                     |      |                  |                  |                  |
| Andre kortsiktige fordringar            |      | 36 669           | 450 672          | 346 463          |
| Depositum, leigebuarinnskot             |      | 45 729           | 45 729           | 19 247           |
| Debitorar                               |      | 443 480          | 851 851          | 204 215          |
| Kasse, bank                             | 8    | 1 047 732        | 351 041          | 1 763 485        |
| <b>Sum omløpsmidlar</b>                 |      | <b>1 573 611</b> | <b>1 699 293</b> | <b>2 333 410</b> |
| <b>SUM ANLEGGSMIDLAR OG OMLØPSIDLAR</b> |      | <b>4 363 642</b> | <b>4 703 589</b> | <b>4 308 853</b> |
| <b>Eigenkapital</b>                     |      |                  |                  |                  |
| Innskutt eigenkapital                   |      |                  |                  |                  |
| Aksjekapital (275 á 2.000,-)            |      | 550 000          | 550 000          | 550 000          |
| Oppjent eigenkapital                    |      |                  |                  |                  |
| Annan eigenkapital                      |      |                  |                  |                  |
| <b>Sum eigenkapital</b>                 | 7    | <b>2 052 856</b> | <b>1 913 695</b> | <b>1 910 738</b> |
| <b>Langsiktig gjeld</b>                 |      |                  |                  |                  |
| Lån                                     |      | 0                | 0                | 0                |
| <b>Sum langсiktig gjeld</b>             |      | <b>0</b>         | <b>0</b>         | <b>0</b>         |
| <b>Kortsiktig gjeld</b>                 |      |                  |                  |                  |
| Kreditorar                              |      | 295 011          | 649 260          | 755 971          |
| Skuldig feriepengar m.m.                |      | 1 065 575        | 1 043 188        | 927 804          |
| Skuldig offentlege avgifter             |      | 933 519          | 967 299          | 704 821          |
| Anna kortsiktig gjeld                   |      | 16 681           | 130 147          | 9 519            |
| <b>Sum kortsiktig gjeld</b>             |      | <b>2 310 785</b> | <b>2 789 894</b> | <b>2 398 115</b> |
| <b>SUM EIGENKAPITAL OG GJELD</b>        |      | <b>4 363 642</b> | <b>4 703 589</b> | <b>4 308 853</b> |



### TROLLSPEILET

Vivi Sunde, Gøril Haukebø og Håkon Moe.  
Foto: Fred Jonny Hammerø.



### TROLLSPEILET

Håkon Moe.  
Foto: Fred Jonny Hammerø.



## HA DET, NO!

Siren Jørgensen.  
Foto: Arild Moen.



## HA DET, NO!

Siren Jørgensen.  
Foto: Arild Moen.

# NOTAR

## Rekneskapsprinsipp

Årsrekneskapen er satt opp i samsvar med rekneskaps lova og god rekneskapskikk for små føretak. Desse rekneskapsprinsipp er brukt: Variabel tilverkingskost for egen tilvirka varer, FIFO-metoden for tilordning av anskaffelseskost for ombytelege finansielle egedelar, lågaste verdi prinsipp for marknadsbaserete finansielle omlaupsmidlar, forsikra pensjons- forpliktingar er ikkje balanseført - kostnadene er lik premien. Leigeavtalar er ikkje balanseført.

## Note 1: Turnéutgifter

|                           |                  |
|---------------------------|------------------|
| Lønnsrelaterte kostnader  | 656 000          |
| Husleige, arr.honorar m.m | 136 000          |
| Transport og bilhald      | 205 000          |
| Hotel                     | 200 000          |
| <b>Sum turnéutgifter</b>  | <b>1 197 000</b> |

Turnéutgiftene er definert som utgifter direkte knytta til turnéverksemrd. Ordinær lønn i turné perioden er tildømes ikkje medrekna her, men kostnader til turnétillegg, diett m.m. som direkte kan knyttast til turneverksemrd.

## Note 2: Billettinntekter

|                             |                  |
|-----------------------------|------------------|
| Sidescenen                  | 25 040           |
| Og barnlige lyst            | 23 645           |
| I en bisetning              | 61 850           |
| Shakespeare samlede verker  | 45 600           |
| Is-slottet                  | 400 211          |
| Niels Klins reise           | 9 970            |
| Ansiktet på Mars            | 118 115          |
| Hjemmeinnredning/Telemakos  | 37 640           |
| Erasmus Montanus            | 333 920          |
| Okse og Esel                | 57 625           |
| Erik Bye, minneprogram      | 3 050            |
| Juleglede                   | 30 070           |
| Trollspeilet                | 825 795          |
| Ha det, no!                 | 17 930           |
| I tykt og tynt              | 51 650           |
| Magic-Net/ andre arr.       | 3 765            |
| <b>Sum billettinntekter</b> | <b>2 045 876</b> |

## Note 3: Godtgjersle

For perioden 01.01.05 til 31.12.05 er det utbetalt honorar til styret med kr. 67.305,-.

Løn til teatersjef kr. 727.907,-, inkludert husleige kr. 106.532,-, og royalty på kr. 82.629,-..

Revisor har motteke kr. 38.750,- som godtgjersle for ordinær revisjon.

## Note 4: Lønskostnader

|                    | 2005              | 2004              |
|--------------------|-------------------|-------------------|
| Løningar           | 10 817 078        | 11 339 247        |
| Arbeidsgivaravgift | 1 542 792         | 1 556 795         |
| Pensjonskostnader  | 970 595           | 1 019 996         |
| Andre ytingar      | 603 632           | 1 308 800         |
| <b>Sum</b>         | <b>13 934 097</b> | <b>15 224 838</b> |

## Note 5: Pensjonsforpliktingar

Teatret Vårt har ordinær tariffesta tenestepensjonsordning og AFP dekka gjennom pensjonsordning i Kommunal Landspensjonskasse.

|   | 01.01.2005 | 31.12.2005 |
|---|------------|------------|
| PENSJONSFORPLIKTINGAR                         | FAKTIKSK   | ESTIMAT    |
| Brutto forpliktingar                          | 9 668 472  | 11 102 654 |
| Pensjonsmidlar                                | 7 557 142  | 8 932 308  |
| Netto forpliktingar før arb.avgift            | 2 111 416  | 2 170 346  |
| Ikke resultatført estimatendring/- avvik      |            | -1 226 044 |
| Balanseført netto forpliktelse før arb.g.avg. |            | 944 302    |

**Note 6: Varige driftsmidlar**

|                    | Bilar    | Maskiner<br>inventar | Bygg      | Sum       |
|--------------------|----------|----------------------|-----------|-----------|
| Kostpris 01.01.    | 360 759  | 1 734 989            | 1 186 174 | 3 281 922 |
| Tilgang i året     | 0        | 256 807              | 16 128    | 272 935   |
| Salg i året        | 0        | 0                    | 0         | 0         |
| Kostpris 31.12.    | 360 759  | 1 991 796            | 1 202 302 | 3 554 857 |
| Akk.avskr.         | -210 232 | -566 842             | -132 603  | -909 677  |
| Bokf. verdi 31.12. | 150 527  | 1 424 954            | 1 069 699 | 2 645 180 |
| Årets avskr.       | 37 632   | 351 493              | 132 603   | 521 728   |
| Avskr. tid         | 10       | 10                   | 20        |           |
| Avskr. plan        | Lineær   | Lineær               | Lineær    |           |

**Note 7: Aksjekapital og aksjeinformasjon**

|                 | Aksje-<br>kapital | Annan<br>EK | Sum       |
|-----------------|-------------------|-------------|-----------|
| EK pr. 31.12.04 | 550 000           | 1 363 695   | 1 913 695 |
| Årsresultat     |                   | 139 161     | 139 161   |
| EK pr. 31.12.05 | 550 000           | 1 502 856   | 2 052 856 |

Aksjonærer pr . 31.12.05 var:

|                                       | Antall     | Eier-<br>andel | På-<br>lydende | Balanse-<br>ført |
|---------------------------------------|------------|----------------|----------------|------------------|
| Møre og Romsdal fylke                 | 132        | 48 %           | 2 000          | 264 000          |
| Molde kommune                         | 132        | 48 %           | 2 000          | 264 000          |
| Noregs Ungdomslag,<br>Møre og Romsdal | 11         | 4 %            | 2 000          | 22 000           |
| <b>Sum</b>                            | <b>275</b> | <b>100 %</b>   |                | <b>550 000</b>   |

**Note 8 Bankinnskott**

Det er avsett kr. 507.117,- på egen bankkonto for skattetrekksmidlar.

**Note 9 Finansielle anleggsmidlar**

|                                   |                |
|-----------------------------------|----------------|
| Stiftelsen Bjørnsonfestivalen     | 20 000         |
| Stiftelsen Ålesund Teaterfestival | 3 000          |
| Stiftelsen Schwittersdagene       | 5 000          |
| Eigenkapital i KLP                | 116 852        |
| <b>Sum</b>                        | <b>144 852</b> |

Elen Leiv  
styreleiar

Jost Høgebruggen

Gudri Lekkingholm

ASD

Ottar Brage Grøttenvik

Niels Klins

Svein Lunn

Götz André  
teatersjef

**NIELS KLIMS REISE**

Randolf Walderhaug og Erling With Aasgård.  
Foto: Arild Moen.

**NIELS KLIMS REISE**

Randolf Walderhaug og Erling With Aasgård (bak).  
Foto: Arild Moen.

**Fast og åremåls tilsett personale**

|  |           |
|--|-----------|
| Teatersjef/administrasjon/<br>marknad/formidling | 10        |
| Skodespelarar                                    | 10        |
| Teknisk personale                                | 8         |
| <b>Sum tilsette</b>                              | <b>29</b> |
| Utgjer 26 heile stillingar                       |           |

**Framsyningar og billettinntekter**

|                           |           |
|---------------------------|-----------|
| Publikum                  | 31 436    |
| Framsyningar              | 220       |
| Billettinntekter          | 2 039 776 |
| Gj.snitt inntekt pr.bill. | 64,90     |

**Totale driftsinntekter- og utgifter**

|                                    |           |
|------------------------------------|-----------|
| Eigne inntekter                    | 2 944 451 |
| i prosent av totale driftsutgifter | 14,6%     |

**Tilskott**

|                            |                   |
|----------------------------|-------------------|
| Staten (kap. 324, post 71) | 12 563 000        |
| Møre og Romsdal fylke      | 2 693 000         |
| Molde kommune              | 2 692 100         |
| Andre tilskott             | 30 000            |
| <b>Samla tilskott</b>      | <b>17 978 100</b> |

## ØKONOMISK RESULTAT

|                              | 2002        | 2003        | 2004        | 2005        |
|------------------------------|-------------|-------------|-------------|-------------|
| <b>Inntekter:</b>            |             |             |             |             |
| Billettsal                   | 3,2         | 2,8         | 5,4         | 2           |
| Anna                         | 0,8         | 0,8         | 1,3         | 0,9         |
| Tilskott                     | 16,4        | 17,3        | 17,6        | 18          |
| <b>Sum</b>                   | <b>20,4</b> | <b>20,9</b> | <b>24,3</b> | <b>20,9</b> |
| <b>Kostnader</b>             |             |             |             |             |
| Drift                        | 20,1        | 20,2        | 24,3        | 20,8        |
| Finansk.                     | -0,1        | -0,1        | 0           | 0           |
| Ekstraord.                   | 0,1         | 0           | 0           | 0           |
| <b>Resultat</b>              | <b>0,3</b>  | <b>0,8</b>  | <b>0</b>    | <b>0,1</b>  |
| <b>Eigenkapital pr 31.12</b> |             |             |             |             |
| <b>Sum</b>                   | <b>1,1</b>  | <b>1,9</b>  | <b>1,9</b>  | <b>2,1</b>  |

## STATISTIKK 2005

| Produksjon                 | Publikum     | For barn og ungdom |              |               |          |
|----------------------------|--------------|--------------------|--------------|---------------|----------|
|                            |              | Fram-syningar      | Publikum     | Fram-syningar | Publikum |
| Sidescenen                 | 503          | 14                 |              |               |          |
| Og barnlige lyst           | 280          | 2                  | 280          | 2             |          |
| I en bisetning             | 936          | 11                 |              |               |          |
| Shakespeare samlede verker | 270          | 2                  |              |               |          |
| Is-slottet                 | 5872         | 36                 |              |               |          |
| Niels Klins reise          | 163          | 4                  |              |               |          |
| Ansiktet på Mars           | 2243         | 24                 | 2243         | 24            |          |
| Hjemmeinnredning/Telemakos | 491          | 10                 |              |               |          |
| Erasmus Montanus           | 3424         | 27                 |              |               |          |
| Okse og Esel               | 1677         | 18                 | 1677         | 10            |          |
| Juleglede                  | 693          | 15                 |              |               |          |
| Trollspeilet               | 12275        | 33                 | 12275        | 33            |          |
| Ha det, no!                | 437          | 6                  |              |               |          |
| I tykt og tynt             | 262          | 2                  |              |               |          |
| Magic-Net/andre arr.       | 1910         | 16                 |              |               |          |
| <b>Sum</b>                 | <b>31436</b> | <b>220</b>         | <b>16475</b> | <b>69</b>     |          |

## REVISJONSmelding

**Sigmund Harneshaug**  
**Statsautorisert revisor**

Rådhusplassen 1  
6413 MOLDE

Tel: 71 11 14 51  
Telefaks: 71 11 10 28  
E-post: [sigmund.harneshaug@moldes.kommune.no](mailto:sigmund.harneshaug@moldes.kommune.no)  
Revisonnr: 982 517 951

Til  
Generalforsamlinga i  
AS Regionteatret i Møre og Romsdal

sted/dato  
Molde, 28. april 2006

### REVISJONSmelding for 2005


Eg har revidert årsrekneskapen for AS Regionteatret i Møre og Romsdal for rekneskapsåret 2005 som syner eit årsoverskot på kr 139 161. Eg har også revidert opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen, føresetnaden om at drifta skal halde fram og framlegg til bruk av overskotet.

Årsrekneskapen er samansett av resultatrekneskap, balanse og opplysningar i notar. Årsrekneskapen og årsmeldinga er lagde fram av styret og dagleg leiar for selskapet. Min oppgåve er å vurdere og uttale meg om årsrekneskapen og andre tilhøve slik revisorlova krev.

Eg har utført revisjonen i samsvar med revisorlova og god revisjonsskikk i Noreg, og revisjonsstandarde vedtatt av Den norske Revisorforening. Revisjonsstandardene krev at eg planlegg og utfører revisjonen slik at han gir meg den tryggleiken og treng for at årsrekneskapen ikkje inneholder vesentleg feilinformasjon. Revisjon omfattar kontroll av utvalde delar av materialet som legg til grunn for informasjonen i årsrekneskapen, vurdering av dei rekneskapsprinsippa som er nytta, og av vesentlege rekneskapsestimat, og dessutan vurdering av innhaldet i og presentasjonen av årsrekneskapen. I den grad det følgjer av god revisjonsskikk, omfattar revisjon også ein gjennomgang av forvaltninga av formula og rekneksaps- og interkontrollsystrema i selskapet. Eg meiner at revisjonen min gir eit forsvarleg grunnlag for konklusjonane.

#### Eg meiner at:

- ♦ årsrekneskapen er lagt fram i samsvar med lov og forskrifter og gir eit rett bilde av selskapet si økonomiske stilling 31. desember 2005 og for resultatet i rekneskapsåret i samsvar med god rekneskapskikk i Norge.
- ♦ leiinga har oppfylt plikta si til å syte for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av rekneskapsopplysningar i samsvar med god rekneskapskikk i Norge.
- ♦ opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen, føresetnaden om at drifta skal halde fram og om forslaget til bruk av overskot, er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.
- ♦ dei mottekne statstilskott er nytta i samsvar med Stortingets føresetnader.

  
Sigmund Harneshaug  
Statsautorisert revisor

## AMBISJONAR 2004 - 2007

*"Det som var den bärande bjälken i Teatret Vårt var en stark tro på att den bästa teatern kan göras var som helst"*

Henning Mankell, instruktør ved Teatret Vårt på 70-tallet

Teatret Vårt har adoptert orda til Henning Mankell som sitt slag-ord. Vi gjer dette sjølv om vi veit at det ikkje finst lettvinde vegar til kunstarlege resultat. All kunst forutset at vi er nyfikne, fylt av undring og fantasi, og samstundes villig til å overskride. Ein må overraske og overraskast. Å vere sjølvgod skapar sjeldan langvarig suksess. I kunsten finst ingen oppskrifter. Så sjølv om planar og strategidokument er upålitelege instrument å navigere etter, kan ein nytte dei til å reflektere over nokre målsetjingar, diskutere nokre moglege vegval.

### Liten og smidig organisasjon

Små økonomiske ressursar kan bli kompensert med ein organisasjon som er smidig og oversiktleg. Raskt og einskapleg kan ein fokusere på eit kunstarleg prosjekt, ei enkel framsyning eller samle seg bak nokre felles kunstarlege ambisjonar. Molde gjev kunstarleg konsentrasjon mogleg. Det er lite som distraherer i ein liten by som Molde. Byen ligg i god avstand frå fjernsynsstudio og kommersiell underhaldningsindustri. Difor er det mogleg å halde stor konsentrasjon kring den enkelte oppsetting.

### Rekruttere unge skodespelarar

Teatret skal halde fram med å rekruttere heilt unge skodespelarar, gi dei store og meiningsfylte oppgåver saman med dei faste medlemmer og tilreisande gjestar.

### Fleksibel og profesjonell stab

Teatret treng ein liten, men djupt profesjonell teknisk stab med stor fleksibilitet på tvers av dei tradisjonelle fagskilja. Det tekniske personale har særlige kvalifikasjoner med å avvikle turné. Desse må ein dyrke og utvikle vidare. Det scenetekniske personalet må få fridom til å utvikle seg fagleg også på dei områda der teatret ikkje har spisskompetanse. Administrasjonen har lang erfaring og stor dugleik, både når det gjeld planarbeid, økonomi og kontakt med dei ulike arrangørene. Administrasjonen er ein sentral del av infrastrukturen til teatret.

### Kunstarleg teater for barn og ungdom

Barne- og ungdomsteater har låg prestisje i norsk teater. Teatret Vårt har teke mål av seg til å vere eit kunstarleg teater òg for barn og ungdom. Å satse på eit ungt publikum skal vi ikkje gjøre av omsyn til framtidas publikum. Barn og unge er eit publikum i dag på lik linje med dei vaksne. Dei har òg krav på at deira liv og erfaringar blir gjenstand for den same merksamda, undersøkinga, undringa og granskinga. Teater handlar om dei

evige menneskelege spørsmåla om kven vi sjølv er. Barn og ungdom kavar som alle andre sjølv sagt med slike spørsmål. Teatret Vårt vil gjennom å satse på å söke annleis barnedramatikk, utvikle ny norsk barnedramatikk, gjere eit bidrag når det gjeld å fornye norsk barne- og ungdomsteater.

Teatret Vårt ønskjer å vere leiande på området teaterformidling, spesielt overfor denne publikumsgruppa. Teatret ønskjer å vidareutvikle si avdeling for teaterformidling i åra som kjem. Samarbeidet med blant anna Møre og Romsdal fylkeskommune om Den kulturelle skolesekken kan bli ein reiskap i fornyinga av norsk barne- og ungdomsteater.

Teatret Vårt vil assistere fleire kulturskolar med å opprette teaterfag. Vi vil i den samanhengen prioritere skodespelardugleik, ikkje ulikt slik musikkskolane har prioritert grunnopplæring på dei ulike musikkinstrumenta.

### Internasjonalt samarbeid

Samarbeidet i Magic-Net føres vidare i MagicNet II. Den internasjonale utvekslinga er inspirerande for heile fammiljøet og gjer det mogleg å vurdere eige fagleg nivå i ein internasjonal målestokk. Opphald ved teater i utlandet, kan vere ein viktig føremón for Teatret Vårt. Magic-Net var eit forum for arbeid med ungdomsteater. Det er naturlag at det er innanfor barne- og ungdomsteatret at den vesentlege delen av slikt internasjonalt samarbeid vil finne stad med sentrale teater i dette nettverket. Teatret Vårt held fram med å medvirke i EuNetArt - den europeiske organisasjonen for kunstformidling mot barn og unge

### Nye utfordringar i turnépolitikken

Eit kjerneområde for verksemda til regionteatret er turnear. Teatret Vårt skal vere teater for heile Møre og Romsdal. Innanfor barne og ungdomsteatret når teatret betre ut enn nokon gong takka vere ein velfungerande kulturell skolesekk. Når det gjeld det ordinære tilbodet til det vaksne publikum er situasjonen vanskelegare.

Marknadssituasjonen har endra seg på dei over 30 åra teatret har vore på vegen. Fritids- og underholdningstilboda er større. Det er tungt å markere seg tilstrekkeleg på den einskilde spelestad. Det er krevjande å opprette sterke eigarskapsband til bygder, byar og tettstadar vi berre vitjar nokre dagar i løpet av eit år.

Teatret vil i åra som kjem måtte styrke arrangørnettverket. Saman med Møre og Romsdal fylke og kommunane må teatret finne fram til ein turnépolitikk tilpassa vår tid. Særleg må teatret styrke sin posisjon i dei to andre store byane, Ålesund og Kristiansund. Her finst det eit stort publikumspotensiale. Teatret må saman med andre aktørar byggje opp lokal representasjon som kan arbeide profesjonelt med formidling av teaterframsyningar (òg framsyningar frå andre, slik som Riksteatret).



### ERASMUS MONTANUS

Randolf Walderhaug og Pål Rønning.  
Foto: Arild Moen.



### ERASMUS MONTANUS

Svein Solenes, Vivi Sunde og Håkon Moe.  
Foto: Arild Moen.



## OKSE OG ESEL

Pål Rønning og Svein Solenes.  
Foto: Arild Moen.



## OKSE OG ESEL

Svein Solenes og Pål Rønning.  
Foto: Arild Moen.

## REPERTOAR 2005

### Telemakos

av Jon Fosse

Fritt etter Homers Odyséen

Medverkande: Pål Rønning, Randolph Walderhaug,  
Thorir Sæmundsson og Gøril Haukebø.

Regi: Carl Morten Amundsen

Scenografi: Arne Nøst

Upremiere i Ålesund 11. mars 2005.

Framsyningar saman med Hjemmeinnredning.

### Hjemmeinnredning

av ensemblet etter en idé av Carl Morten Amundsen og Arne Nøst

Medverkande: Gøril Haukebø, Pål Rønning, Vivi Sunde,  
Thorir Sæmundsson, Randolph Walderhaug.

Regi: Carl Morten Amundsen

Scenografi: Arne Nøst

Upremiere i Ålesund 11. mars 2005.

Framsyningar: 10

Publikum: 491

### Ansiktet på Mars

av Bjørnar Teigen

Medverkande: Svein Solenes og Valborg Frøysnes.

Regi: Bjørnar Teigen

Scenografi: Arne Nøst

Upremiere på Teatret Vårt i Molde 10. februar 2005.

Framsyningar: 24

Publikum: 2243

### Trollspeilet

av Carl Morten Amundsen

Musikk: Per Chr. Revholt

Regi: Bjørnar Teigen

Medverkande: Håkon Moe, Thorir Sæmundsson, Terje Halsvik, Pål Rønning, Siren Jørgensen, Valborg Frøysnes, Randolph Walderhaug, Gøril Haukebø, Svein Solenes, Vivi Sunde.

Ellers medvirkar elevar fra kulturskolane og Magnus Kihlberg.

Musikkarar; lærarar ved Molde kulturskole: Cesilie Gjerde, Geir Heggdal, Asgeir Hoffart, Halvor Holm, Knut Morten Kårevik, Lena Søyland, Lindsay Winfield-Chislett og Lars Wold.

Dirigent Per Chr. Revholt

Premiere på Romsdalsmuseet, Molde 10. juni 2005.

Framsyningar: 33

Publikum: 12275

### Shakespeares samlede verker, (lett forkortet)

av J. Borgeson, A. Long og D. Singer

Omsett av Randolph Walderhaug

Medverkande: Pål Rønning, Thorir Sæmundsson og Svein Solenes.

Regi: Liv Anne Bjurgren

Premiere: 5. desember 2003

Framsyningar: 2

Publikum: 270

### I en bisetting

- en musikalsk cabaret, helt uten sildesalat

Medverkande: Siren Jørgensen, Håkon Moe og Lena Kristin Ellingsen.

Musikant: Rolf Magnus Orø  
 Regi: Carl Morten Amundsen

Upremiere på Teatret Vårt i Molde 9. april 2005.

Framsyningar: 11  
 Publikum: 936

### **Ha det, no!**

- ein avskjedsfreamsyning  
 Medverkande: Siren Jørgensen  
 Musikar: Jonas Høgseth  
 Regi: Carl Morten Amundsen

Upremiere på Teatret Vårt i Molde 24. september 2005.

Framsyningar: 6  
 Publikum: 437

### **Niels Klims reise til den underjordiske verden**

Tekstutdrag ved: Randolph Walderhaug og Carl Morten Amundsen.

Medverkande: Randolph Walderhaug og Erling With Aasgård.  
 Musikk: Scarlatti og Bach m.m.  
 Sceneleniing: Carl Morten Amundsen

Upremiere på Teatret Vårt i Molde 22. september 2005.

Framsyningar: 4  
 Publikum: 163

### **Okse og Esel**

av Norbert Ebel  
 Omsett av Carl Morten Amundsen

Medverkande: Svein Solenes og Pål Rønning  
 Regi: Randolph Walderhaug  
 Scenografi: Martin Linde

Premiere på Teatret Vårt i Molde 8. desember 2005.  
 Framsyningar: 18

Publikum: 1677

### **Erasmus Montanus**

av Ludvig Holberg  
 Bearbeiding og sangtekstar: Carl Morten Amundsen

Medverkande: Pål Rønning, Svein Solenes, Vivi Sunde,  
 Valborg Frøysnes, Frank Robert Andreassen,  
 Gøril Haukebø, Håkon Moe, Randolph  
 Walderhaug, Terje Halsvik, Heine Bugge, Lena  
 Kristin Ellingsen og Dolly.

Regi: Manuel Schöbel.  
 Scenografi/  
 kostyme: Thomas Bjørnager.  
 Musikk: Per Chr. Revholt.

Premiere på Teatret Vårt i Molde 4. november 2005.

Framsyningar: 27  
 Publikum: 3424

Sanger, fortellinger og dikt som skaper

### **Juleglede**

Medverkande: Gøril Haukebø, Vivi Sunde, Terje Halsvik og  
 Håkon Moe

Regi: Rolf Magnus Orø

Premiere 6. desember 2005.

Framsyningar: 15  
 Publikum: 693

### **Og barnlige lyst**

Åpent julehus på teatret

Framsyningar: 2  
 Publikum: 280

### **Sidescenen**

Framsyningar: 14  
 Publikum: 503



Magic-Net produksjon  
**A EUROPEAN ODYSSEY**  
 Siren Jørgensen fra Teatret Vårt til høgre.




Magic-Net produksjon  
**A EUROPEAN ODYSSEY**  
 Siren Jørgensen fra Teatret Vårt i midten.



## IS-SLOTTET

Eit samarbeid mellom Teatret Vårt og Det Norske Teatret  
Ane Dahl Torp og Lena Kristin Ellingsen.  
Foto: Fred Jonny Hammerø.



## IS-SLOTTET

Eit samarbeid mellom Teatret Vårt og Det Norske Teatret  
Ane Dahl Torp og Lena Kristin Ellingsen.  
Foto: Fred Jonny Hammerø.

### SAMPRODUKSJONER

#### Is-slottet

av Tarjei Vesas

Dramatisert av Petter S. Rosenlund

Musikk av Arne Nøst

Eit samarbeid mellom Teatret Vårt og Det Norske Teatret

Medverkande: Lena Kristin Ellingsen, Ane Dahl Torp, Siren Jørgensen, Nina Andreassen, Christoffer Staib og Håkon Moe.

Regi: Erik Ulfsby

Scenografi: Arne Nøst

Urpremiere 26. november 2004 i Molde

Framsyningar: 36

Publikum: 5872

### GJESTESPEL

#### I tykt og tynt (Asbjørnsen og Joh.)

Framsyningar: 2

Publikum: 262

### MAGIC-NET PRODUKSJONER

#### A European Odyssey

Framsyningar: 14

Publikum: 1780

### STYRET VED TEATRET VÅRT

#### Representant frå Staten:

Elen Lein, styreleiar

Just Ingebrigtsen, styremedlem

Arild Hervik, styremedlem

Heidi Løklingholm, styremedlem

Liv Stette, 1. varamedlem

Bjørn Michelsen, 2. varamedlem

#### Representant frå Møre og Romsdal fylkeskommune:

Ottar Brage Guttelvik, nestleiar

Frøydis Austigard, varamedlem

#### Representantar frå Molde kommune:

Per Kåre Trengereid, styremedlem

Janne Huse, varamedlem

#### Representantar frå Molde kommune:

Svein Larsen, styremedlem

Randolf Walderhaug, varamedlem/observatør

### REPRESENTASJON

#### Stiftelsen Bjørnsonfestivalen:

Carl Morten Amundsen, styremedlem

#### Stiftelsen Ålesund Teaterfestival:

Knut Lidvard Høgset, styremedlem

#### Norsk Teater- og orkesterforening:

Elen Lein, styremedlem

#### Forhandlingsutvalet i Norsk Teater- og orkesterforening:

Carl Morten Amundsen, medlem

#### Norsk Teaterlederforum:

Carl Morten Amundsen, styreleiar

## PERSONALE VED TEATRET VÅRT

### Skodespelarar/kunstnarleg tilsette:

|                         |                              |
|-------------------------|------------------------------|
| Randolf Walderhaug      | fast tilsett                 |
| Vivi Sunde              | fast tilsett                 |
| Gøril Haukebø           | fast tilsett                 |
| Pål Rønning             | åremål                       |
| Svein Solenes           | åremål                       |
| Håkon Moe               | åremål                       |
| Valborg Frøysnes        | åremål                       |
| Thorir Samundsson       | åremål til 30.6.             |
| Siren Jørgensen         | åremål til 30.11.            |
| Lena Kristin Ellingsen  | åremål til 30.4.             |
| Terje Halsvik           | åremål frå 1.8.              |
| Frank Robert Andreassen | frå 12.9. til 31.12.         |
| Heine Bugge             | musikar frå 1.10. til 31.12. |

### Teknisk:

|                  |                                 |
|------------------|---------------------------------|
| Bjørn Kalvatsvik | inspisient                      |
| Jonas Högseth    | inspisient frå 12.9. til 31.12. |
| Fredrik Habostad | inspisient til 12.4.            |
| Mathias Hammerø  | verkstad                        |
| Knut Karlberg    | verkstad                        |
| Finn Landsperg   | lysmeister                      |
| Svein Larsen     | scenemeister/teknisk leiar      |
| Bergliot Rørvik  | rekvisitør                      |
| Åshild Mjåseth   | leiar systove                   |
| Gerd Austnes     | systove                         |

### Administrasjon:

|                       |                                     |
|-----------------------|-------------------------------------|
| Carl Morten Amundsen  | teatersjef                          |
| Knut Lidvard Högset   | adm.sjef                            |
| Halvard Fiksdal       | produsent                           |
| Borghild Rosvoll      | salsleiar til 30.4.                 |
| Rolf-Inge P. Hjelseth | informasjonsleiar                   |
| Solveig Mordal Vågen  | marknadsleiar                       |
| Rolf Magnus Orø       | formidlingsleiar                    |
| Mary Farstad          | adm.konsulent                       |
| Evy Johannessen       | adm.sekretær                        |
| Rune Digernes         | billettskretær (deltid)             |
| Liv Anne Bjurgren     | formidlingsleiar åremål (permisjon) |
| Kristian L. Strømskag | dramaturg (deltid)                  |

### Generalsponsor:

**SpareBank 1 RomsdalsFellesbank**

### Hovudsponsorer:



**Kontorvarehuset**



**TIBE**  
REKLAMEBYRÅ

**Radisson SAS**  
HOTEL, ÅLESUND

**Romsdals Budstikke**

# *Teatret Vårt*

REGIONTEATRET I MØRE OG ROMSDAL

Telefon 71 24 02 80 - E-post: [post@teatretvart.no](mailto:post@teatretvart.no) - Internet: [www.teatretvart.no](http://www.teatretvart.no)